

Handlingsplan for perioden 2022 - 2024

med arbeidsplan for 2022



Vi inviterer til friluftsliv!

Innhald:

Generelt om handlings- og arbeidsplanen	3
Styret, dagleg leiar og administrasjonen sitt arbeid	4
Aktivitetsarbeid	5
Aktivitet i skule og barnehage/læring i friluft	5
Utstyrsbasen til friluftsrådet	6
Aktivitet i fritida - for barn, ungdom, vaksne og familiar	7
StikkUT! og andre turruter	8
Stikk UT!	8
Merking/skilting og turkort	9
Kommunale planar for friluftslivet sine ferdselsårer	9
Sikring, forvaltning og tilrettelegging av friluftsområde	10
Statleg sikring og forvaltningsplanar	10
Prosjektsøknader tiltak	10
Skjøtsel og drift gjennom året	10
Arbeid mot marin forsøpling	11
Skjergardstenesta i Møre og R. og oppdrag frå Sunnmøre friluftsråd	12
Vedlegg - prosjektlister 2022	13

Generelt om handlings- og arbeidsplanen

Handlingsplanen for Sunnmøre friluftsråd (KO) skal bidra til formålet til friluftsrådet og peike ut konkrete satsingar og tiltak dei næraste åra for å oppnå dette.

«Folkehelse er fundamentet i alt Sunnmøre friluftsråd (KO) gjer. Vi skal, i samarbeid med deltakarkommunane, andre offentlege styresmakter, organisasjonar og frivillige, fremje allsidig og miljøvennleg friluftsliv i regionen. Vi skal stimulere til friluftsliv til beste for trivsel og helse for alle og skape større forståing for nytten av friluftsliv.»
(Samarbeidsavtala §3 Formål)

Øvste organ i Sunnmøre friluftsråd (KO) er deltakarkommunane i representantskapet. Mellom representantskapsmøta er det styret som styrer verksemda. Dagleg leiar og administrasjonen på 9 faste tilsette + innleigde står for dagleg drift, prosjektleiing, aktivitet og rådgjeving innan friluftsliv. Handlingsplanen og årleg arbeidsplan set rammene for ressursbruk og fokus i styret og administrasjonen i perioden. Årsmeldinga rapporterer gjennomføringa av arbeidsplanen for året.

Friluftsrådet arbeider for eit naturvennleg, berekraftig og lite utstyrskevjangde friluftsliv for alle. Friluftsrådet har ansvar for å bidra til FNs berekraftsmål (verdass felles plan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030) – [lenke til Friluftslivets berekraftplakat](#). Mange av arbeidsoppgåvene i friluftsrådet høyrer naturleg heime under eitt eller fleire av måla.



Dette dokumentet er ein treårig handlingsplan som viser gjennomgåande ansvar, oppgåver og prioriteringar og utviklingsområde over fleire år. Dokumentet er også ein årleg arbeidsplan med konkrete tiltak som skal gjennomførast dette året.

Styret, dagleg leiar og administrasjonen sitt arbeid



Friluftsrådet skal prioritere samarbeidet med deltakarkommunane, lokale lag, organisasjonar og frivillige, fylkeskommunen, dei andre interkommunale friluftsråda (spesielt Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal), Friluftsrådenes Landsforbund og Miljødirektoratet. I tillegg skal vi aktivt søkje midlar og samarbeid med Rydd Norge, sparebankar, fondstiftingar og organisasjonar som gir økonomisk støtte, og andre aktuelle samarbeidspartar og bidragsytarar.

Også samarbeidet med dei andre friluftsansjonane i fylket skal halde fram gjennom aktiv deltaking i "Forum for Natur og Friluftsliv" (FNF).

Administrasjonen i friluftsrådet skal fungere som kompetansesenter for friluftsliv for deltakarkommunane og andre samarbeidspartar, og vere ein pådrivar og ein høyringsinstans i viktige saker for friluftslivet.

Det skal gjennomførast styremøte og representantskapsmøte som omtalt i samarbeidsavtalen.

Friluftsrådet må halde fram med å vere synleg i media og i sosiale media, og prioritere profilering av friluftsrådet på utstyr, bygg, bilar osv.

Styret og dei tilsette i friluftsrådet må gjere seg kjende med nye kommunar vi har ansvar i. Nye medlemskommunar skal få god informasjon og bli inkludert i friluftsarbeidet.

I løpet av perioden skal alle deltakarkommunane få tilbod om ein presentasjon av friluftsrådet i kommunestyre eller formannskap.

Vi skal førebu friluftsrådet sitt 50-års jubileum i 2024, og jobbe for at den årlege landskonferansen i friluftsliv vert lagt til Sunnmøre dette året.

Prioriterte tiltak i 2022

- Gjennomføre fire styremøte og representantskapsmøte
- Bidra til at ytterlegare tre friluftsområde vert statleg sikra
- Inkludere dei nye medlemskommunane Hareid og Sande i friluftsrådet
- Markere Frivillighetens år 2022

Internt:

- Levere eit rekneskap i balanse for 2022. Prioritere økonomistyring av prosjekt m.a. gjennom kvartalsvise oppfølgingsmøter
- Auke medfinansiering av prosjekt gjennom sponsorstøtte m.v.
- Fullføre revidering av arbeidsreglement, stillingsbeskrivelsar og lønnspolitikk
- Starte arbeidet med fornying av nettsidene og digitale arbeidsverktøy

Aktivitetsarbeid



Aktivitetsarbeidet til friluftsrådet skal stimulere til meir friluftslivsaktivitet gjennom informasjon, opplæring og tilbod om aktivitetar ute i friluft for alle aldersgrupper. Planar for aktivitetsarbeidet kan delast inn i fleire område vist under. Generelt vil friluftsrådet utvikle seg i retning av å utvide tilbod til unge og vaksne gjennom kurs og opplæring for auka friluftsliv i medlemskommunane.

NB! Prioriterte tiltak innan aktivitetsområda vist under vert oppdaterte etter vi veit kva søknader friluftsrådet får tilslag på i 2022. Det kan også kome til nye prosjekt gjennom året dersom det vert utlyst ekstramidlar.

Aktivitet i skule og barnehage/læring i friluft

Friluftsrådet skal legge til rette for fysisk aktivitet for barn og unge (samarbeidsavtalen §3). Dette er både i samband med undervisning i skule og barnehage, og aktivitetstilbod i fritida (neste kapittel). Aktivitet vil tilbyr skulane skal vere i samanheng med fagfornyinga.

«Læring i friluft» er friluftsråda si nasjonale satsing på å medvite bruke natur og nærmiljø som undervisningsstad/skule. Målet er meir og betre undervisning utanfor klasserommet. Medviten bruk av nærmiljøet i undervisning har friluftsråda satsa på gjennom «Stedsbasert læring». Sunnmøre friluftsråd held kurs for pedagogisk personale, har opplegg direkte for barn og pedagogar, og lagar tips og formidlar idear på ulike emne eller undervisningsopplegg.

Kajakk i skulen/kajakknettverk: Sunnmøre friluftsråd har etablert eit kajakknettverk av lærarar. Friluftsrådet kursar desse (grunnkurs, teknikkurs, aktivitetsleiarkurs, livredningskurs) til å bli sertifiserte etter standard i padleforbundet/våttkort. Læring i friluft/stadbasert læring er ein del av kursinga slik at lærarane samtidig kan drive gode stadbaserte undervisningsopplegg. Målet er at dei sertifiserte lærarane kan gjennomføre kajakkaktivitet med stadbasert læring for elevgrupper på skulane.

Prosjekt i grunnskulen «Slå på ringen - å kjenne gleden av rørsle, i lag, ute»: Dette er ei vidareutvikling av Leikepatruljen og primært retta mot barneskulane. Prosjektet har som mål å inspirere både små og store til variert leik og rørsle ute. Prosjektet består av inspirasjonssamlingar for elevar i barneskular (leikepatruljen). I tillegg blir det kurs for dei tilsette i skulen med leik, rørsle, og kreativitet ute som tema. Det tredje elementet i prosjektet er ein digital leikebank der skulane og andre kan hente inspirasjon.

Prosjekt i vaksenopplæringa for innvandrar «Naturen som eg er ein del av»: Friluftsrådet samarbeider med fleire vaksenopplæringscenter på Sunnmøre om utvikling av praktiske metodar som kombinerer språkopplæring og praktisk innføring i enkelt friluftsliv for personar med innvandrarbakgrunn. Hensikta er å lette integrering og språkopplæring gjennom aktivitet og meistring. Deltaking i friluftsliv bidreg til betre integrering og styrker psykisk og fysisk helse. Friluftsrådet introduserer elevane mangfaldet av turar i nærområdet og aktivitetar som er gratis og tilgjengelege for alle. Friluftsrådet har gjennomført prosjektet for vaksenopplæringa i Ålesund sidan 2019, og Sykkylven i 2021, og vil vidareføre satsinga og utvide denne til fleire kommunar i planperioden.

Prioriterte tiltak i 2022

- Gjennomføre kurs for lærarar i kajakknettverket/sertifisering
- Tilby kurs i utandørs livredning og utesymjing, og godkjenning av utandørs livredningsprøve
- Arbeide vidare med URØRT-prosjektet for Eidsdal skule i samarbeid med områdeforvaltninga for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde og stiftinga Geirangerfjorden verdsarv
- Vidareføre prosjektet «*Slå på ringen*» og gjennomføre kurs for tilsette i skulen og inspirasjonssamlingar for elevar som ikkje vart gjennomført i 2021 grunna korona. Sikre sponsorstøtte til vidareføring av prosjektet
- Utvide prosjektet «*Naturen som eg er ein del av*» (vaksenopplæringa) til Ørsta kommune i tillegg til Ålesund og Sykkylven

Utstyrsbasen til friluftsrådet

Friluftsrådet har utstyr til utlån til skular og lag/organisasjonar (ikkje enkeltpersonar). Utstyrsbasen skal fremje moglegheita for meir friluftsliv for alle, utlånet er gratis.

I løpet av perioden skal friluftsrådet gjere ei heilskapleg vurdering av kva utstyr friluftsrådet treng til eige bruk, og gi vekk overskotsmateriale til registrerte utstyrsbasar i medlemskommunane. Korleis dette skal fordelast til medlemskommunane, blir lagt fram som eiga styresak. Dette betyr at vi etter kvart sluttar med utlån med unntak av kajakkhengarane til skular. Drift av utstyrsbase er dyrt og tidkrevjande og friluftsrådet får ikkje prosjektstøtte til dette. Den viktigaste årsaka er likevel at det no finst fleire utlånsbasar av liknande friluftsutstyr som er lettare tilgjengeleg for brukarane, og som også har kapasitet til å låne ut til enkeltpersonar (eksempelvis Skattekontoret, Bua, Sportsbiblioteket osv.)

I løpet av perioden skal friluftsrådet utvikle eit betre system for utlån av kajakk til skulane og frivillige lag og organisasjonar.

Prioriterte tiltak i 2022

- Starte vurderinga av kva utstyr friluftsrådet treng til eige bruk
- Revidere status utstyrsbassar i kommunane – utdelt til kommunane i jubileumsåret 2014
- Vidareføre avtalen om utleige av robåtar i samarbeid med Sunnmøre Museum

Aktivitet i fritida - for barn, ungdom, vaksne og familiar

Friluftsskular og Kom UT haustferie for barn: Sunnmøre friluftsråd tilbyr årlege friluftsskular i starten av sommarferien for barn i alderen 10-13 år. Tema er allemannsretten, leir/bål og kart/kompass. Friluftsrådet tilbyr også opne arrangement med aktivitetar i haustferien. Dette er lågterskeltilbod om ein sosial, aktiv møttestad ute med enkle friluftaktivitetar eller frileik i attraktive nærområde der borna bur. Friluftsrådet inviterer lokale SFO til å bli med.

Naturmøteplass: Sunnmøre friluftsråd initierer naturmøteplassar som vert drifta av frivillige i medlemskommunane. Dette er faste møttestadar/turmål ved ein gapahuk eller liknande der ein blir møtt med bålkaffi eller annan varm drikke, ein gong i veka. Dette er eit lågterskeltilbod for personar som har høve til å gå tur på dagtid. Det er fem slike naturmøteplassar på Sunnmøre og i Vestnes, og målet er å doble desse i perioden.

Naturlosavis: Friluftsrådet har ansvar for gratisavisa Naturlos som gir informasjon om opne turar og arrangement som vert leia av ein «naturlos»/turansvarleg. Målet er to utgåver i året, ei i mai og ei i august. Desse vert distribuert til alle husstandar i medlemskommunane.

Friluftslivets veke/arrangement: Sunnmøre friluftsråd vil markere og synleggjere friluftslivets veke, og elles gi eit spennande tilbod til barnefamiliar og andre med spennande og lærerike aktivitetar i friluft i perioden. Eit døme på dette er Førjulskveld i friluft.

Prioriterte tiltak i 2022

- Tilby friluftsskule 4 stader på Sunnmøre i juni/juli: Stafsethneset, Skodje, Volda, Sula
- Tilby haustferieopplegg gjennom KOM UT!-prosjektet enkelte stader på Sunnmøre
- Gi tilbod til ungdom om introduksjonskurs/innføring i kajakk gjennom Padlefestival UNG sommaren 2022
- Arbeide for å få etablert Naturmøteplassen i to fleire deltakarkommunar

- Gi ut Naturlosavis to gonger: vår og haust 2022 til alle hushandar på Sunnmøre. Avis på våren er i papirutgåve, avis på hausten er berre digital
- Gjennomføre arrangement i Friluftslivets veke i september
- Markere Frivillighetens år 2022

StikkUT! og andre turruter



Stikk UT!

[Stikk UT!](#) er den mest populære turtrimmen i landet, som motiverer fleire innbyggjarar til å gå turar. Det er Friluftsrådet i Nordmøre og Romsdal og Sunnmøre friluftsråd som driftar turtrimmen, med både sommar- og vintersesong. Før sesongstart (sommar) blir det kvart år utarbeidd ein kartbrosjyre der alle turmåla er sett inn på kart. Dette blir distribuert gratis til alle husstandane i deltakarkommunane.



Stikk UT!-turmåla er merka turløyper til etablerte turstadar i alle medlemskommunane i Møre og Romsdal. Turane er fargekoda ut frå vanskegrad. Frå 2021 vart det teke i bruk ein eigen app, der turgåarar kan registrere turane dei går. Denne har blitt svært populær, og om lag 90 prosent av turane vart registrert via appen etter at den kom. Resten vart registrert på nettsida stikkut.no. FNR driftar og utviklar databasen.

Svært mange frivillege rundt om i medlemskommunane gjer eit uvurderleg arbeid med skilting, merking, ryddinga av råser, løypekøyning på vinteren og utsetting av kodar. Utan desse ville ikkje turtrimmen vore mogleg å gjennomføre.

Sunnmøre friluftsråd skal vidareføre og vidareutvikle Stikk UT! både sommar og vinter i samarbeid med FNR og medlemskommunane. I planperioden skal dei to friluftsråda gjennomføre ei totalevaluering av StikkUT! Møre og Romsdal for å oppnå langsiktig økonomisk berevne i drift og utvikling. Styret vert involvert i retningsval for framtida. Det gjeld både finansieringsmodell og organisasjons/styreform for prosjektet.

Prioriterte tiltak i 2022

- Aktivt jobbe for å auke inntektene til Stikk UT! ved:
 - å motivere fleire arbeidsplassar til å bli med i Stikk UT! Bedrift
 - å etablere fleire sponsorinntekter m.a. gjennom logo i app, saman med Nordmøre og Romsdal (hovudsponsor, kartsponsor og andre sponsoravtalar)
- Gjennomføre sommarsesongen av Stikk UT! med ca. 280 turar på Sunnmøre
- Auke talet på turar i Stikk UT! Ski (og eventuelt Stikk UT! Vinterfottur)
- Innlemme Sande og Hareid kommunar i Stikk UT!
- Inngå partnarskapsavtaler om StikkUT! med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal om samarbeid, prosjektstyring og økonomi

Merking/skilting og turkort

[Turkortbasen til friluftsrådet](#) viser enkle nærturar i deltakarkommunane våre. Dette er turar for dei aller fleste og gi informasjon om dei nære naturperlene. Turkorta er også samla i eit turkorthefte som vert trykt opp og delt ut i kommunane/er til sals i nettbutikken. Turkortbasen skal marknadsførast i perioden.

Friluftsrådet skal vidare bidra til **kystfriluftsliv** gjennom opplæring, kartlegging av padleruter/turregistrering og merking, mellom anna registrere interessepunkt som parkering og utsetting av kajakk.

Merking og skilting både fram til friluftsområde og av stiar/turvegar er viktig for brukarane. I planperioden skal friluftsrådet ta initiativ til fellesprosjekt for dette saman med kommunane.

Prioriterte tiltak i 2022

- Registrere og oppdatere turkortbasen til friluftsrådet og med turar og interessepunkt i morotur.no
- Kajakk: Registrering av parkering/utsetting av kajakk, interessepunkt i og starte arbeidet med padleleder (synfare, registrere og kartlegge nye potensielle ruter)
- Sette ut informasjonstavler i fleire friluftsområde, konkret satsing med Ålesund kommune
- Initiere fellesprosjekt med skilting av turstiar i medlemskommunane etter [Merkehandboka.no](#) (jf. Sti-konferansen mars 2021)

Kommunale planar for friluftslivet sine ferdselsårer

Stiar, turvegar, løyper og leder er avgjerande for utøving av friluftsliv, og vert kalla friluftslivets ferdselsårer. *Stortingsmeld. 18 (2015-2016) Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet* er grunnlaget for [ei nasjonal satsing på friluftslivets ferdselsårer, leia av Miljødirektoratet](#). I perioden 2020-23 leiar fylkeskommunen prosjektet «*Friluftslivets ferdselsårer Møre og Romsdal*». Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal deltek i prosjektet og skal der i gjennom bistå i kommunal planlegging for betre tilrettelegging for friluftsliv. Mange kommunar i fylket har tidlegare gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde (KVF), og har dermed eit godt grunnlag å gå vidare med utarbeiding av planar for friluftslivet sine ferdselsårer. Fylkeskommunen har også ein stor database med ca. 2000 GPS-spora turruter i [morotur.no](#). Gode kommunale planar for friluftslivets ferdselsårer er med på å identifisere, ivareta og utvikle ferdselsårene. Planane vil òg vere viktig kunnskap for å ivareta friluftsliv i anna arealplanlegging, og samtidig vere ein plan for korleis ferdselsårene kan utviklast på ein berekraftig måte.

Det er så langt 3 kommunar på Sunnmøre som er interessert i å starte planarbeidet i 2021-2022.

Prioriterte tiltak i 2022

- Bistå kommunane Sykkylven, Fjord og Ulstein i oppstart av oppstart av planarbeidet for friluftslivets ferdselsårer våren 2022
- Sørge for at fire nye kommunar melder seg på prosjektet i 2022 og innlemme desse i arbeidet: Ålesund, Giske, Hareid og Ørsta
- Følgje opp samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune i prosjektet om å koordinere arbeidet saman med Friluftsrådet Nordmøre og Romdal

Sikring, forvaltning og tilrettelegging av friluftsområde



Friluftsrådet skal arbeide med sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag (samarbeidsavtalen §3).

Statleg sikring og forvaltningsplanar

Friluftsrådet skal vere ein pådrivar og følgje opp og hjelpe deltakarkommunane i arbeidet med statleg sikring av område for friluftsliv. Friluftsrådet skal vidare vere pådrivar for at deltakarkommunane i samarbeid med friluftsrådet utarbeider forvaltningsplanar for dei statleg sikra områda der det enno ikkje er gjort.

Prosjektsøknader tiltak

I nært samarbeid med deltakarkommunane, skal friluftsrådet følgje opp måla i forvaltningsplanane for dei statleg sikra friluftsområda, og søke om midlar til tilrettelegging.

Arbeidet med tilrettelegging er avhengig av positive svar på søknadane om tilskot. I samråd med dei nye deltakarkommunane skal det i perioden søkast om minst eitt tiltak i kvar av kommunane. Førsetnaden er at forvaltningsplanane er godkjende. Friluftsrådet skal vidare stimulere kommunane til å satse på tiltak i friluftsområda.

Skjøtsel og drift gjennom året

Friluftsrådet skal vidareføre skjøtsel og drift i dei områda vi har ansvar for i dag, og i tillegg innarbeide driftsrutinar for nye område som kjem til i løpet av perioden. Eksisterande samarbeidsavtalar om driftsoppgåver skal først vidare, og det skal vurderast om det er aktuelt med avtalar i nye område. Dette inneber drift eksisterande toalett vi har ansvar for.

Friluftsrådet skal aktivt bruke Skjergardstenesta i Møre og Romsdal i gjennomføring av prosjekt/tiltak og driftsarbeid og i sjøbaserte friluftsområde. Det vert elles vist til kapittelet om Skjergardstenesta.

Prioriterte tiltak i 2022

- Fullføre statleg sikring av friluftsområdet Øyna på Overøye, Fjord kommune, her under etablere heilårstolett på Øyna
- Prioritere rådgiving til kommunane for å etablere fleire statleg sikra områder i 2022/23
- Reparere bru ved Fokhaugstova, Fjord kommune
- Sette opp informasjonstavler Eikesundstranda, Ulstein og Gurinesbukta/Vatne, Ålesund
- Generelt prioritere hogst og vegetasjonsrydding i friluftsområde som vi driftar
- Ferdigstille toalett og oppstart grussti på Hundsvær, Ålesund kommune
- Redusere driftsutgiftene til drift/tilsyn toalett

Arbeid mot marin forurensning



Sunnmøre friluftsrådet skal jobbe for ei reinare fjøre. Vi koordinerer, legg til rette for frivillig og profesjonelt arbeid mot marin forurensning (samarbeidsavtalen §3). Friluftsrådet har dei siste åra fått ein sentral posisjon i arbeidet mot marin forurensning i regionen, og vi søker midlar frå Miljødirektoratet og andre kjelder for å halde fram og utvide dette arbeidet.

Gjennom å drifte nettverket «Marin forurensning Møre og Romsdal» saman med Runde Miljøsentor og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, er vi med på å halde oppe entusiasmen til dei frivillige ryddarane. Vi vil fortsette arbeidet med å initiere og koordinere ryddeaksjonar på Sunnmøre. Dette inneber m.a. å gi frivillige hanskar, sekkar og hente innsamla søppel.

Eit prioritert område for friluftsrådet er å auke samarbeidet med næringslivet og offentlege og private aktørar i arbeidet mot marin forurensning.

Friluftsrådet skal aktivt bruke Skjergardstenesta i Møre og Romsdal i gjennomføring av ryddeaksjonar, særleg i vanskeleg tilgjengelege område.

I samsvar med søknad til Miljødirektoratet skal vi i 2022 prioritere:

Oppryddingstiltak:

- Aksjonar i samarbeid med lag, organisasjonar, skular og andre
- Rydde fuglereservat og vanskeleg tilgjengelege område
- Fokuserer på rydding av fjordane i indre delar av Sunnmøre

Forebyggjande tiltak:

- Kartlegge område for marin forurensning i indre delar av Sunnmøre
- Samarbeide med næringsaktørar for å stoppe tilførsel av marint avfall

Prosjektet Rydd Norge 2021-2023 er eit nasjonalt program for å rydde plastforurensning frå ytre kystlinje i Noreg. Det overordna målet er at 40 % av ytre kyst skal vere rydda reint ein gong innan 2023. Programmet er eigd av Handelens Miljøfond, og gjennomførast i samråd med regionale aktørar i kvart fylke, her under Statsforvaltaren. Sunnmøre friluftsråd er av Rydd Norge tildelt rydding av område "Sunnmøre nord 3" i Møre og Romsdal frå nov. 2021 og ut 2023.

I dette området er det estimert at det er skal plukkast 100 tonn på kartfesta områder i prosjektperioden. Av Møre og Romsdal sitt kartfesta område på 40%, forvaltar Sunnmøre Friluftsråd omtrent 6,3% av dei med 312 km kystlinje. Det er i tillegg estimert med at ein skal kunne nytte inntil 8400 timar. Prosjektrekneskapet er avgrensa opp til 6,6 mill. (eks. mva.). Det er likevel mogleg å søke om ytterlegare midlar om ein treng meir for å gjennomføre rydding i det planlagde området, innanfor prosjektperioden.

Rydd ytre kyst prioriterte tiltak 2022:

- Gjennomføre rydding i kartfesta områder i samsvar med framdriftsplanen. Dette inneber rydding av halvparten av estimerte timar og km kystlinje.
- Prioritere å få rydda ein del vèutsatte holmar og skjer i "finversperiodar".

Skjergardstenesta i Møre og R. og oppdrag frå Sunnmøre friluftsråd



Gjennom skjergardstenesta skal friluftsrådet gjere sjøbaserte friluftslivsområde attraktive og tilgjengelege (samarbeidsavtalen §3). Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal vart etablert i 2018 og blir drifta av Sunnmøre friluftsråd. Møre og Romsdal er driftsområde 8 i den nasjonale skjergardstenesta. Friluftsrådet skal vidareutvikle tenesta i samarbeid med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, fylkeskommunen, statsforvaltaren og Miljødirektoratet. Skjergardstenesta dekker heile fylket og har eigen samarbeidsavtale, driftsstyre, årsrapport, årsplan og budsjett. Hovudmålet for Skjergardstenesta i Møre og Romsdal er å ivareta naturmangfaldet, og auke forståinga blant folk om verdien av dette. Oppgåvene er miljøvennleg tilrettelegging, drift og skjøtsel av statleg sikra sjøbaserte friluftsområde, og kampen mot marin forsøpling. Vi kan dele oppgåvene inn i fem hovudpunkt, jf. årsplanen til Skjergardstenesta:

- «Drifte og vedlikeholde allerede etablerte installasjoner på sjønære, offentlig eide eller statlig sikra friområde i Møre og R. for å tilrettelegge for fine opplevelser i naturen.
- Oppgradere og forbedre eksisterende områder etter bestilling fra de to friluftsrådene i fylket. Dette med bakgrunn i at de to friluftsrådene søker midler til dette etter medlemskommunenes forvaltningsplaner og ønsker.
- Etablere nye brygger og tilrettelegge på nye friareal etter statlig sikring.
- Etablere kontakt og samarbeid med Statens Natur Oppsyn (SNO), lage rutiner og samkjøre oppdrag for synergieffekter.
- Være en aktiv ressurs i kampen mot marin forsøpling, ta ansvar for rydding av statlig sikrede områder, men også være en utøvende funksjon for de to friluftsrådene i fylket som deres operative enhet til strandrydding i hele fylket.»

Friluftsrådet har visjon om å kjøpe ny båt, og set av fondsmidler til dette i planperioden.

Prioriterte tiltak i 2022

Punkta er utdrag frå årsplanen til Skjergardstenesta i Møre og Romsdal:

- Utvikle og forankre tenesta i medlemskommunane til begge friluftsråda i fylket
- Tilpasse dokumentasjon og sertifikat på båtar og mannskap etter nye krav (fartøyinstruks, 12 pax jf. Sjøfartsdirektoratet.no m.v.)
- Jobbe vidare med spesifikasjon og finansiering av bygging av ein ny båt

Oppdrag frå Sunnmøre friluftsråd:

- Oppdrag frå Sunnmøre friluftsråd v/prosjekt innan marin forsøpling
- Oppretthalde og vidareføre drift av eksisterande sjønære driftsområde
 - brygger, bygningar og badebøyer m.v. og vegetasjonspleie
- Utvide fast driftsrunde på Sunnmøre som tek inn sjønære statleg sikra friluftsområde i fleire kommunar (Volda, Ørsta, Herøy, Ulstein i tillegg til eksisterande i Sula og Ålesund)
- Utvikling av friluftsområdet Hundsvær Tyskholmen i Borgundfjorden, her under halde fram arbeidet med vegetasjonspleie, etablere toalett/muldo og etablere sti på austsida
- I samarbeid med avd. drift og avd. aktivitet etablere mindre installasjonar for hengekøyeovernatting/padling i Ellingsøyfjorden.

Oppdrag til skjergardstenesta for Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal vert omtalt i deira arbeidsplanar

Vedlegg - prosjektlister 2022

Prosjektlister 2022 med delfinansiering gjennom søknader til Friluftsrådernes landsforbund, Møre og Romsdal fylkeskommune, Miljødirektoratet, Handelens Miljøfond og andre private bidragsytarar.

Prosjekt 2022	Innvilga sum 2022	Finansiering stad
Avd. 20 Drift - innvilga 2022:		
Ålesund - Gurinesbukta Vatne Informasjonstavle	40 000	FK
Ulstein - Eikesundstranda Informasjonstavle	40 000	FK
Ålesund - Hundsvær-Tyskholmen grussti	150 000	FK
Avd. 30 Aktivitet - innvilga 2022:		
Stikk UT!	150 000	FL
	500 000	Samarbeidspartner Wattn
	450 000	Sponsorar i app Bedriftspakkar sal
Friluftslivets ferdselsårer	300 000	FK
Naturmøteplassen	120 000	FL + FK
Naturlos (avis om turar)	250 000	FL + FK
Vår Veke (markering Frivillighetens år 2022)	50 000	FK
Urørt	70 000	FK
Læring i friluft - Kajakk i skule og livredning	120 000	FL
Padlefestival UNG	35 000	FL
Friluftsskular	186 000	FL + FK
	200 000	Gjensidigestiftelsen
Kom Ut haustferieopplegg	30 000	FK
Turkort	20 000	FL
Padleled Ellingsøyfjorden	50 000	FL
Personar med innvandrarbakgrunn	320 000	FL + FK
Slå på ringen – aktivitetsprosjekt i skulane	50 000	FK
	1 000 000??	SBM hovudsponsor
	sponsorinntekter xxx	Medsponsorar, Lions m.fl.
Avd. 40 Skjergardstenesta – innvilga 2022:		
Driftstilskot frå Miljødirektoratet	1 380 000	MD
Tilskot marin forsøpling frå Miljødirektoratet	320 000	MD
Tilskot frå friluftsråda og fylkeskommunen	1 448 000	FK + friluftsråda
Avd. 50 Marin forsøpling – tilskot 2022:		
Marin forsøpling (toårig, innvilga)	2 220 000	MD
Rydd ytre kyst Sunnmøre nord (toårig, innvilga)	2 979 000	HMF/Rydd Norge
Avd. 60 Utstyrbase - innvilga 2022:		
Utstyrsbase for insekt mm	25 000	FL

NB! Fleire av prosjekta er finansiert som spelemidlar frå FL og forutset 50 % eigenandel frå friluftsrådet.

Andre tilskot:

Avd. 10 Administrasjon	Søknadssum	Finansiering stad
Medlemskontingent kommunane	3 096 988	Eigarkommunane
Administrasjonstilskot	672 500 + for to nye kommunar	FL
Driftstilskot	260 000	FK

FL = Friluftsrådernes landsforbund FK = Møre og Romsdal fylkeskommune

MD = Miljødirektoratet

HMF = Handelens miljøfond

SBM = Sparebanken Møre